

Det nærmar seg jol.

Tone:Ytterst mot norden

Dagane stuttnar. Den strålande sol
lågare bana si bøygjer.

Meire,di lenger det lid i mot jol.

Maktlaus ho armane tøygjer.

Stormen og myrkret frå ishav og pol
drep og øyder.

Ljoset og varmen ser ut å ta slutt.

Tenk om ei ulukka hender !

Sjæli vil fyllast av otte og sut.

Oppover, sukket Du sender.

Men, når det myrkast og vonlaust ser ut :

Soli vender.

Syndi sitt myrker det rådde på jord.

Folki i ulukka raga.

Sjæli var sulka,forvend og forgjord.

Satan han Allheimen plaga.

Då kom vår Frelsar ned med Guds Ord.

Og det daga!

Johs.M.L.Rydland.